



Notat

Dato: 20.04.2015
Arkivsak: 2014/2-81
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Rådet for offentlige fagskoler (RFF) si høyringsfråsegn til NOU 2014:14

RFF er eit koordinerande organ for fagskulane som i første rekkje skal bidra til kvalitetsutvikling av fagskulane, samordne etterutdanningstiltak og informasjonstiltak. RFF skal vidare vere til hjelp for Forum for fylkesutdanningssjefar (FFU) i å utarbeide uttalar til departementet og andre som ønskjer synspunkt på eller informasjon om fagskulane.

RFF skal delta i ulike fora og møte for å fremje dei offentlege fagskulane sine saker. RFF skal også ivareta dei offentlege fagskulane sine felles interesser knytt til eit nært og forpliktande samarbeid med alle aktuelle bransjar/næringar og andre samarbeidspartar.

RFF skal vere representert i Nasjonalt utvalg for tekniske fagskoleutdanning (NUTF), og Nasjonalt utvalg for fagskoleutdanning i helse- og oppvekstfag (NUFHO) og Nasjonalt fagskoleråd (ref.: <http://fagskolen.info/index.php?pageID=123&page=RFF> , punkt 4).

RFF har fått sitt mandat frå FFU, og som nemnt over skal rådet vere eit rådgjevande organ for FFU i å utarbeide uttalar til mellom anna departementet. I samband med høyringa for «NOU 2014:14 Fagskolen - et attraktivt utdanningsvalg» har derimot RFF gjeve sjølvstendig høyringsfråsegn sjølv om FFU har bede om å få denne til avstemming før innsending. RFF sin uttale finn ein her: https://www.regjeringen.no/contentassets/a634b63963ff4641ae6c9c13928599a2/raadet_for_offentlige_fagskoler.pdf

Forslaget i NOU 2014:14 om at staten skal vere eigar for fagskulane er eit omdiskutert forslag, og 15 av 19 fylkeskommunar støttar klart ikkje dette forslaget. I RFF si høyringsfråsegn er det skrive som følgjer i høve til statleg eigarskap:

Dersom eierskapet skal overføres til staten må det også sørges for tilstrekkelig med ressurser til at det blir gjennomførbart. I dag subsidieres mange av de offentlige tilbyderne med midler fra fylkeskommunene ut over rammeoverføringene. En slik endring i eierskap må ikke innebære at muligheten til å oppfylle Fagskolelovens intensjoner om tilknytning til lokalt og regionalt arbeidsliv blir vanskeliggjort. Det kan være en fordel om all tertiærutdanning hører til hos samme eier, dersom forutsetningene over er ivarettatt.

Uttalen frå RFF i høve til eigarskap står såleis i kontrast til det majoriteten av medlemmene i FFU meiner.